

# ÅRSMELDING 2010 FOR VEST LANDBRUKSTENSTER

<b>STYRET:</b>	leiar	Knut Tjugen	6789 Loen	på val
	nestleiar	Maria Loen	6789 Loen	på val
		Norvald Dalsbø	6750 Stadlandet	på val
		Sonja Skåre Esperø	6789 Hjelledalen	
		Lillian Rose Bolstad	6789 Hjelledalen	
	avl.repr.	Rune Vonheim	6783 Stryn	
<b>VARAMEDL.:</b>		Salvatore Ligia	6750 Stadlandet	på val
		Per Erik Ulvedal	6795 Blaksæter	på val
		Joar Tjellaug	6799 Oppstryn	på val
<b>VARA AVL.REP:</b>		Kjell Fagerstrand	6799 Oppstryn	
<b>REVISOR:</b>		PricewaterhouseCoopers v/ Dag Hopland		på val
<b>VALNEMND:</b>	leiar	Ronald Haaland	6750 Stadlandet	på val
		Magnar Barmen	6750 Stadlandet	
		Gunnar Eikemo	6788 Olden	
	vara	Petra Fosnes	6799 Oppstryn	

Laget hadde i 2010: 215 medl. (2010: 228 medl.). Av medlemmane har vi arbeidsgjevaransvaret for 156.

Lønn som har gått gjennom laget:

Ferie/fritid kr 4.553.889,-. Av dette er kr 2.176.580,- lønn familie avløyising.

Sjukdomsavløyising kr 602.449,-.

Lønn andre oppdrag kr 1.562.256,-.

Lønn landbruksvikar kr 418.575,-.

## AVLØYSING

Vi har i 2010 hatt 1 avløysarring i Stryn kommune og det er Oldedalen Avløysarring.

Vi har 3 aktive og positive lagsavløysarar som arbeider mykje både ved sjukdom og ferie/fritid.

I Selje har vi 1 flink og arbeidsvillige person som har tatt på seg avløyising i sine nærrområder.

## LANDBRUKSVIKARORDNING

Vi har ikkje nokon fast ansatte i denne ordninga, men har avløysarar som går på beredskaps avløyising. Det har vore mange oppdrag på sjukdomsavløyising i 2010.

## BEMANNING PÅ KONTORET

Dorthea Sølvsberg Sætre arbeider 60% som dagleg leiar.

Rand Rekneskapskontor v/Liv Ingrid Iversen Rand har sjukdomssaker og rekneskapet til VLT.

## **STYRET HAR HATT 3 STYREMØTER**

der m.a desse sakene er behandla:

- fusjon med Landbrukstenester Nordfjord
- justering av møtegodtgjersle til styremedlemmane
- justering av påslag
- lønnsforhandling dagleg leiar
- landbruksvikarordninga

## **FUSJONSMØTER**

Det har vore 2 ekstra møter vedrørende diskusjon om fusjonering med andre avløyserlag i Nordfjord. Eit møte på Nordfjordeid og eit møte i Stryn. Dette er no inntil vidare lagt på is.

## **ÅRSMØTE**

vart halde på Stryn Hotel den 22.mars, med middels bra frammøte.

## **HAUSTSAMLING PÅ GARDERMOEN**

i oktober for alle laga i Vest Noreg. Der deltok Dorthea Sølvsberg Sætre og Maria Loen.

Tema: Velferdsordningar for bønder

- Forsikringar for ansatte
- Landbruksvikarordning
- Styrearbeid
- Lønn- og rekneskapsarbeid

## **KONTORDAG SELJE**

Vi hadde kontordag på Stadlandet i november, både Liv Ingrid og Dorthea var der. I år hadde vi det på Cafe Cornerstone på Leikanger og det var bra frammøte.

## **DIV**

VLT tar som før imot innmelding til semin i Stryn.

Som tidlegare har vi Livold sine arbeidsklede til salg. Desse dressane har vanttett framside som du kan spyle av etter bruk. NLT sin logo og Vest Landbrukstenester på ryggen.

1 desember var kontoransatte og styret samla til julemiddag og styremøte på Hotel Alexandra i Loen.

Overgang og oppkobling til terminalserver til Norske Landbrukstenester gjennomført feb-2011.

Ulvedal 14.02.11

Knut Tjugen

-leiar-